

# Referat frå årsmøtet i Leikarringen i Bondeungdomslaget i Oslo

## 7. mars 2017 kl. 19.30 i Lagsrommet, Rosenkrantz' gate 8

*Til stades på møtet var 19 personar. 18 av desse hadde røysterett.*

*Referent: Sigrid Kjøbli*

### **SAK 1 OPNING AV MØTET**

#### **1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

#### **1.2 Val av møteleiar**

Vedtak: Rune Hernes Bjerke vald til møteleiar.

#### **1.3 Val av skrivar**

Vedtak: Sigrid Kjøbli vald til skrivar.

#### **1.4 Val av to til å skrive under møteboka**

Vedtak: Anne Cathrine Johansen og Karianne Johansen valde til å skrive under møteboka.

#### **1.5 Val av teljekorps**

Vedtak: Audun Stokke Hole, Aleksander Herseth og Tore Steigen valde som teljekorps.

### **SAK 2 ÅRSMELDING FRÅ LEIKARRINGEN FOR 2015**

#### **2.1 Melding frå Styret i Leikarringen**

*Desse hadde ordet i saka:*

Meldinga vart presentert av leiar Anbjørg Myhra Bergwitz.

Nummerering på vising til andre saker, er feil under enkelte delar i teksten.

*Årsmøte tok meldinga frå styret til vitande, med 1 endringsforslag, som nemnt over.*

#### **2.2 Melding frå Rådet, Søndansen og Bunadnemnda**

*Desse hadde ordet i saka:*

Meldinga frå Rådet, Søndansen og Bunadnemnda vart gått igjennom av ordstyrar Rune Hernes Bjerke. Det vart opna for ytterlegare kommentarar.

*Årsmøte tok meldinga frå Rådet, Søndansen og Bunadnemnda til vitande.*

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjend med dei nemnde kommentarane og endringane over.

### **SAK 3 REKNESKAP FOR 2016**

#### **3.1 Rekneskap**

#### **3.2 Balanse**

*Desse hadde ordet i saka: Bjørn Nilsen, Ruth Amdahl, Audun Grüner-Hegge, Anbjørg Myhra Bergwitz, Anne Cathrine Johansen, Rune Hernes Bjerke.*

Rekneskap og balanse vart lagt fram av Anbjørg Myhra Bergwitz.

Sekkeposten "Andre kostnader" burde hatt eit anna namn som speglar kva som ligg i utgiftsposten. Det vart vidare kommentert at dette delvis heng saman med kontopostane til hovudlaget, men at styret vil sjå på moglegheita for å gjere dette.

Det vart kommentert at inntekter på deltakinga på "Norwegian Folk" ikkje kjem fram i rekneskapen. Det vart svara at intensjonen er å ha inntekt på Norwegian Folk dei neste åra. Sidan 2016 var fyrste året med denne satsinga gjekk ein i underskot.

Revisjon blir gjort av hovudlaget sin revisor. Det vart kommentert at det hadde vore nyttig om revisjonsmeldinga også vart delt ut til særлага.

Vedtak: Rekneskapen vart godkjend med dei nemnde kommentarane og endringane over.

### **SAK 4 PLANAR**

#### **4.1 Planar for 2017**

*Desse hadde ordet i saka: Sissel Seland, Bjørn Nilsen, Karianne Johansen, Audun Grüner-Hegge, Aleksander Herseth, Anbjørg Myhra Bergwitz, Eva Fischer.*

Planar for 2017 vart lagde fram av nestleiar Audun Grüner-Hegge.

Det kom spørsmål om kva for utøvarar som engasjerast i Norwegian Folk. Inntil vidare har hovudlaget rekruttert utøvarar gjennom særлага, men deltakarane har ikkje vore med som representantar for sitt særlag.

Det kom spørsmål om styret sin strategi for å skaffe inntekter gjennom framsyningsoppdrag. Det vart svara at styret arbeider for å byggje eit felles repertoar. Dette er ein føresetnad for å ha dansarar som kan seie ja til slike oppdrag. I tillegg er ein avhengig av at medlemene kan stille opp utan å ta ein del av inntekta.

Det kom innspel på at masurka er ønska i terminplanen for hausten.

100-årsjubileet til Leikarringen er i 2019. Styret vart oppmoda til å setje ned ei nemnd som kan begynne planlegginga. Mellom anna kan arbeid med arkiv-arbeid ta lang tid.

Både i høve til jubileum og i høve til framsyningar, bør styret nytte engasjementet hos medlemmer som ikkje kjem så ofte på øvingane.

Det vart kommentert at styret har gjort ein god jobb med planane.

Vedtak: Årsmøtet tok planane for 2017 til vitande.

#### **SAK 5 MEDLEMPENNGAR FOR 2017**

*Desse hadde ordet i saka: Ruth Amdahl.*

Saka vart presentert av Anbjørg Myhra Bergwitz.

Det vart kommentert at ein kunne tatt fleire mindre "hopp" når ein aukar medlemspengar.

Vedtak: Årsmøtet vedtok at medlemspengar for 2018 vert endra. Medlemspengar for Leikarringen i 2018 blir endra på følgjande måte:

- Vaksne - aukar frå 200 kr til 300 kr
- Studentar og pensjonistar - aukar frå 100 kr til 150 kr

*Dette kjem i tillegg til medlemspengar til BUL på 600 kr. BULder og brak-medlemspengar blir haldne på same nivå som 2017, som er på 600 for barn.*

#### **SAK 6 BARNELAGET OG BULDER OG BRAK**

*Desse hadde ordet i saka: Anne Cathrine Johansen.*

Saka vart lagde fram av nestleiar Audun Grüner-Hegge.

Det vart kommentert at noko av bakgrunnen for endringa er at det har vore vanskeleg å få deltakarar til å ta på seg verv i Barnelaget. Det er ingen motførestillingar i hovudlaget til at denne endringa kjem.

Det vart kommentert at det er bra at BULder og brak no kjem under Leikarringen, og at dette skapar trygge rammar for medlemene.

Det kom nokre endringsforslag til formulering av vedtak.

Vedtak: Årsmøtet vedtok at Leikarringen opprettar eit hallingtilbod for unge med eigne medlemspengar. Gruppa vert kalla BULder og brak. Føresetnaden for dette er auka særlagsstøtte frå hovudlaget.

#### **SAK 7 BUDSJETT FOR 2018**

*Desse hadde ordet i saka: Bjørn Nilsen, Aleksander Herseth, Anbjørg Myhra Bergwitz, Audun Grüner-Hegge.*

Budsjettet vart lagt fram av Anbjørg Myhra Bergwitz.

Det vart kommentert at Edruskapsdirektoratet kan vere ein aktuell stad å søkje om tilskot.

Det vart kommentert at det er eit arbeid å sitje i eit styre, og at mindre kostnader i forbinding med styremøte bør refunderast. Det vart føreslått eit beløpet på kr 200,- per møte. Alternativt kan styret velje å nytte midlane på ein middag eller liknande. Møtet godkjende at det setjast 2 000 kr på posten for møtekostnadar.

Styret vart oppmoda til å søke om Frifond-midlar til kvar øving. Det vart kommentert at BUL søker på støtte til Frifond, og dette set ei avgrensing for at særлага kan søkje tilskot. Vidare vart det diskutert om dette er ei reell avgrensing eller ikkje. Møtet kom fram til at Leikarringen ikkje vil kunne søkje fordi ein er eit særslag hjå BUL. I tillegg skal minst ein tredjedel av medlemene vere under 26 år.

Det vart kommentert at pengane budsjettert for film vil delast ut over fleire år, fordi det vil kunne føre til fleire medlemmer og fleire framsyningar i lang tid.

Vidare vart styret oppmoda til å søkje pengar frå Kulturdepartementet. Det finst kunnskap og erfaring på kontoret som kan nyttast.

Det er både ein post som heiter "ymse inntekt" og "diverse tilskot". Desse postane verkar å overlape kvarandre.

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet for 2018 med dei nemnde kommentarane og endringane over.

## **SAK 8 VAL**

Valnemnda si innstilling vart lagt fram av Audun Stokke Hole, som representant for valnemnda.

*Valet vart gjennomført med dette resultatet:*

### **Styret i Leikarringen:**

Leiar: Audun Grüner-Hegge

Styremedlemer 2 år: Simon Hesselberg Løvald (ikkje på val), Solveig Brekke Hauknes

Styremedlem 1 år: Elise Kjønsetten (utfyllingsval)

Varamedlemer 1 år: Eline Nordseth Berg, Marta Lindvik

### **Bunadnemnda:**

Evald Fredholm (ikkje på val), Anne Cathrine Johansen, Ragnhild Holen (ikkje på val)

### **Rådet i Leikarringen:**

Rune Hernes Bjerke (ikkje på val), Astrid Skrindo (ikkje på val), Anbjørg Myhra Bergwitz,

Karianne Johansen og Lasse Pettersen vert valde av årsmøtet.

**Framlegg til valnemnd frå årsmøtet:**

5 medlemmer for eitt år: Sigrid Kjøbli, Audun Stokke Hole, Margunn Nesbakken Oma, Tore Steigen, Eva Fischer.

Då dette er tilstrekkeleg tal medlemmer, vert det ikkje valde varamedlemmer.

Stad og dato:

Oslø, 10.4.2017



Anne Cathrine Johansen  
møtebokunderskrivar



Karianne Johansen  
møtebokunderskrivar